



Ingunn Runde
Kvamsvegen 18
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/648 - 17/13103

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.05.2017

Løyve til frådelling av parsell BE3, BE4, BKS1, BKS2 og ØK1 - gbnr 141/1 Kvamme nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 211/17

Tiltakshavar:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Eigarane av gbnr 141/1, Ingunn Runde og Kjartan Toft, søker om frådelling av 5 parsellar frå gbnr 141/1. Dette gjeld parsellane BE3, BE4, BKS1 og BKS2 som er sett av til bustadføre mål og parsell ØK1 som gjeld kommunaltekniske anlegg, innanfor reguleringsplanen for Stølhaugane, arealplan-ID 1263-201302.

Det vert elles vist til søknad mottatt 21.02.2017, supplert 05.05.2017.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 05.05.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Parsellane ligg innanfor område omfatta av reguleringsplanen for Stølshaugane med arealplan-ID 1263-21302. Plassering av parsellane går fram av godkjend plan.

Parsellane BE3 og BKS2 ligg delvis i regulert faresone høgspenning, H370.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Frådelling av parsellane er ikkje nabovarsla.



Omsøkte frådelling er i samsvar med godkjend plan. Berørte eigedomar har elles gitt felles erklæring om rettar til framføring av veg, vatn og avlaup innanfor det regulerte området. Administrasjonen vurderer at ytterlegare varsling ikkje er naudsynt.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 21.02.2017.

Grensa mellom 141/1 og 141/3 er justert i samsvar med kart mottatt 03.04.2017. Alle parsellane som søknaden gjeld ligg i sin heilskap på gbnr 141/1.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomane innanfor planområdet skal knytast til offentleg VA-anlegg via felles privat leidningsnett.

Eigedomane skal ha tilkomst til offentleg veg via privat veg. Avkjørsla til offentleg veg følgjer av godkjend reguleringsplan.

Det ligg føre avtale datert 04.05.2017 der eigedomane gbnr 141/1 og 141/3 gjev parsellane innanfor planområdet rett til etablering av anlegg for veg, vatn og avlaup. Rettane vil verta tinglyst ved sal av parsellane.

Tilkomst, vassforsyning og avlaupshandtering synast sikra i samsvar med pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-4.

VURDERING:

Søknaden om frådelling er i samsvar med gjeldande reguleringsplan både når det gjeld føremål og plassering. Kravet i punkt 6.3 i reguleringsføresegnene om at det innanfor faresone høgspent, H370, ikkje vert tillatt nokon form for bygningsmessig aktivitet før høgspentlinja er lagt i kabel/jord, får ikkje verknad for søknaden om frådelling.

Søknaden vert godkjend slik det er søkt om.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4, jf §§ 20-2 og 20-1 bokstav m, vert det gjeve løyve til oppretting av parsell BE3, BE4, BKS1, BKS2 og ØK1.

Grensene går fram av godkjend reguleringsplan. Nøyaktig storleik vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedsregistrering, jf pbl § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ingunn Runde
Kjartan Toft

Kvamsvegen 18 5911
Kvamsvegen 18 5911

ALVERSUND
ALVERSUND